



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 22, 9. juni 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Festspela startar 9. juni

Dei nynorske festspela 2022 opnar i dag, 9. juni og held fram til 12. juni. [Her er programmet for festspela.](#) Og 13. juni arrangerer Høgskulen i Volda [fagdag om Tarjei Vesaas](#), som eit festspelseminar.

**LES MEIR**



### Kantina stenger 24. juni - siste balldag 16. juni

Kantina har sin siste opningsdag før ferien fredag 24. juni og opnar igjen 8. august. Meny komande veke:

Måndag: Nøttesteik med rosenkål og potetmos  
Tysdag: Løvbiff med bearnaisesaus og ovnsbakte poteter  
Onsdag: Lasagne med salat og brød  
Torsdag: Potetball (**siste før ferien**)  
Fredag: Tacobuffet

**LES MEIR**



## Ny gangveg - stengt parkering i sommar

[Gangvegen mellom Berte Kanutte-huset og Henrik Kårstad-huset](#) skal utbetrast slik at den blir universelt utforma. Arbeidet blir gjort i sommar, og skal vere ferdig til studiestart i august. Parkeringsplassen ovanfor Nedretun blir stengt i sommar då den skal brukast som riggområde i byggeperioden.

I byggetida blir det mellombels gangveg i området.

[LES MEIR](#)



## Professor Hovlid held tiltredingsførelesing 14. juni

[Professor Ellen Lexerød Hovlid](#), AMF, held tiltredingsførelesning tysdag 14. juni kl. 14.00. Tittelen på førelesinga er: "Jakten på den gode balansen – forskning på avveiningen mellom yringsfrihet og andre hensyn." Forskingsutvalet har tidlegare oppmoda fagmiljøa til å legge til rette for at nye professorar held tiltredingsførelesingar slik at det breiare fagmiljøet, studentar og andre skal få vite meir om den faglege interessa til nye professorar.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Kurs i NOA - verktøy for oppmøtereistrering

Læringsverkstaden held fleire kurs i bruk av NOA (Notice of attendance) som er verktøyet høgskulen brukar til å registrere fram møte i obligatoriske kurs. Føremålet med kurset er å gi eit oversyn over korleis NOA heng saman med timeplanar og Canvas og elles praktisk bruk av NOA. Elisabeth Welle, AHL, og Camilla Elin Dahl Humberstet, ASH, vil bidra med førstehandserfaring frå både innføring og drift av NOA på sine avdelingar. Alle tilsette har fått invitasjon til å delta på kursa og dei to siste kursa

før ferien går 10. og 15. juni. Siste kurs vert halde 15. august. [Du finn meir informasjon om NOA på hjelpesidene våre.](#)

## Fag og forskning

### Familie- og kulturkomiteen besøker Høgskulen i Volda 26. september

[Familie- og kulturkomiteen på Stortinget](#) kjem til Høgskulen i Volda 26. september. Dei har merka seg at medieutdanningane har feira [50 års jubileum med yringsfridom som hovudtema på jubileet](#), og komiteen er særleg interesserte korleis høgskulen sine utdanningar møter ei utvikling med press på press- og yringsfridom i ei stadig skiftande medieverd.

### Kvinner publiserer meir

Dei kvinnelege tilsette ved HVO stod i 2021 for 53 prosent av publiseringa ved Høgskulen i Volda. Det er berre OsloMet og Samisk høgskole som hadde høgare prosentdel av samla publisering frå kvinner. [Sjå statistikken i Tilstandsrapporten for høgare utdanning.](#)

### Høgskulen har søkt om 12 studietilbod innanfor Kompetanse for kvalitet (KFK)

Høgskulen i Volda har søkt Utdanningsdirektoratet om å i alt 12 nye KFK-tilbod. Dei 12 tilboda fordeler seg på Spesialpedagogikk, naturfag, mat og helse, programmering, musikk, kroppsøving og knust og handverk på ulike årstrinn. Her er den fullstendige lista:

- Spesialpedagogikk 1, 1. – 10. trinn
- Naturfag 1, 1. – 10. trinn
- Mat og helse 1, 1. – 10. trinn
- Programmering 1. – 7. trinn
- Programmering 5. – 10 trinn
- Programmering 8. – 13. trinn
- Musikk 1, 1. - 10. trinn
- Kroppsøving 1, 1. – 10. trinn
- Kroppsøving 1, 5. – 10 trinn
- Kroppsøving 1, 1. – 7. trinn
- Kunst og handverk 1, 1. – 10 trinn
- Kunst og handverk 1, 5. – 10. trinn

I tillegg har høgskulen også sendt søknad på midlar til rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar og lærarar. Koordinator for dei mange søknadene er [seniorrådgivar Ole Frank Bakken](#), AHL, og han

takkar fagmiljøa og er svært glad for at dei har prioritert søknadsarbeid midt opp i alt anna som foregår.

### Tildelte 745.000 i såkornmidlar

Forskningsutvalet tildelte i førre møte kr 745.000 i såkornmidlar til 8 ulike prosjekt. Her er oversyn over dei aktuelle prosjekta.

Nr.	Søkjar	Avdeling	Tema	Søkt sum kr.	Innvilga sum kr.
1	Per Halse	AHL	Akkrediteringssøknad for ny ph.d.	375 000	200 000
2	Helene Brustad Eskeland	ASH	Manreport-IPV	416 997	200 000
3	Mohammad Javad Khajavi	AMF	Establishing the Nordic Animation Research Network (NARN)	125 000	50 000
4	Jade Jørgen Michael Sandstedt	AHL	Mapping the neurocognitive signatures of dialectal and written billectalism	206 000	100 000
5	Ane Bergset Mandal	ASH	Sosialveileder i skolen	100 000	50 000
6	Trudi Henrydotter Eikrem	ASH	Å undervise i fleirkulturelle klasserom; mangfald til felles beste?	45 000	25 000
7	Alf Roger Djupvik	ASH	Vidareutvikling av forskning mellom Cardiff University og avdeling for samfunnsfag og historie	240 000	100 000
8	Guro Kristin Gjøsdal	AHL	Kompetanseheving "Exit gruppeleder"	30 000	20 000
<b>Totalt</b>				<b>1 537 997</b>	<b>745 000</b>

### Vellukka konferanse om vitskap og religion

Høgskulen i Volda arrangerte 4.-8. mai konferansen "«Global Sustainability: Science and Religion in Dialogue» i samarbeid med European Society for the Study of Science and Theology (ESSSAT), NTNU i Ålesund, Høgskolen i Molde og fleire andre samarbeidspartar, blant andre Sparebanken Møre.

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, var ein nøkkelperson i konferansen og har [oppsummert konferansen på våre nettsider](#).

## Styre og stell:

**Styremøtet 16. juni - her er sakene**

Siste styremøte før ferien vert halde 16. juni, og styresakene er å finne på [dei faste sidene](#). På dagsorden står blant anna val av leiingsmodell, strategisk handlingsplan, handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, forskingsmeldinga for 2021, godkjenning av søknad på ny master i barnevernsarbeid og oppnemning av skikkanemnd. Møtet blir strøyma og lenka blir tilgjengeleg på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) før møtet.

## Nytt om tilsette

Runa Bjørdalsbakke og Alexander Hovdevik er engasjerte som sommarvikarar på drift.

## Tid for sommaravslutningar

Einingane på Høgskulen i Volda held sine tradisjonelle sommaravslutningar i juni - i år heilt utan koronarestriksjonar. Her er datoane:

- 9.6. Avdeling for kulturfag
- 9.6. Fellesadministrasjonen
- 20.6. Avdeling for samfunnsfag og historie
- 21.6. Felles for alle på HVO
- 22.6. Avdeling for mediefag
- 23.6. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

# Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon frå forskingsjef Henriette Hafsaas om å til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilkåra for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre.](#)

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

## Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

## Vadstein og Håberg: "Fem grunnar til at du bør lese høgt for barnet ditt"

Bergens Tidende publiserte 31. mai kronikken «Fem grunnar til at du bør lese høgt for barnet ditt» av [ph.d.-student Anne Marta V. Vadstein](#) (Nynorsksenteret) og [førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg](#), AHL/Institutt for pedagogikk. Kronikken er retta mot foreldre og andre som tek del i livet til barn frå dei er ganske små og inn i skulealder. Kronikken framhevar både gleda ved å vere saman over ei bok, og korleis høgtlesing stimulerer språk, kreativitet og fantasi. Kronikken avsluttar med at «Det er ikkje alle råd foreldre får, som er enkle og rimelege, men det å lese høgt for barnet ditt er det». [Du kan lese kronikken her \(+sak\).](#)

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Førsteamanuensis/førstelektor i nyare historie (vikariat) - søknadsfrist 13. juni 2022

Ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie, Høgskulen i Volda er det ledig eit vikariat i 100 prosent stilling som førsteamanuensis/førstelektor i nyare historie frå 1.januar 2023 til 31. juli 2023. Vikariatet kan verte forlenga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

## Professor/dosent i matematikkdiraktikk - søknadsfrist 15. juni 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikkdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Faglege arrangement på og ved HVO:**

- 1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
- 3.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
- 9.-12.06.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta
- 9.6.2022: Sommaravslutning AKF
- 13.06.2022: [Fagdag om Tarje Vesaas](#), HVO
- 14.06.2022: [Nettverkstreff: Kvinnar innan forskning ved HVO](#)
- 14.06.2022: [Tiltredingsførelesing, professor Ellen Lexterød Hovlid](#)
- 16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen
- 20.6.2022: Sommaravslutning ASH
- 21.6.2022: Felles sommaravslutning, BK Kantina
- 22.6.2022: Sommaravslutning AMF
- 23.6.2022: Sommaravslutning AHL, BK Kantina

### **Hausten 2022:**

10.-11.8.2022: Dekanseminar - særleg om studiekvalitet  
16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)  
4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)  
23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)  
26.9.2022: [Familie- og kulturkomiteen besøker Høgskulen i Volda](#)  
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

2.6.2022: [Helsing til det første kullet på den \(nesten\) siste skuledagen](#)  
1.6.2022: [Første førstelektorsamling](#)  
31.5.2022: [Fadderveka 2022: Kick-off i mai](#)  
10.5.2022: [Tilstandsrapporten 2022: Kva seier den om Høgskulen i Volda?](#) (oppdatert)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)



[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)